



Tryggheimhelsing

Skulestart



Val 2017
s. 4-5



Ungdomsskule-
elevar i
Elfenbenskysten
s. 6-7



Vg2-elever på
tur til Europa
og Israel
s. 10





Gjermund Viste

Har innsats noko å seie for læring?

Vi veit at innsats er avgjerande for å lukkast som idrettsutøvar. Det er sjølv sagt. Meir framandt er det at innsats kan påverke læring og «smartness». Har det nokon samanheng? Ja! seier Carol Dweck.

Skule er ei danningsreise

Verksemdbasert vurdering er eit stikkord på Tryggheim som i andre verksemder. Vi skal vurdere oss sjølv. Saman med elevrådet vel vi tema. Eit år ønskte elevrådet følgjande tema: Kva er ei god tilbakemelding? Det er eit kjempeviktig tema på ein skule. Korleis gi tilbakemeldingar som elevane kan bruke til å bli betre i faget? Korleis hjelpe elevane til å tenke gjennom korleis dei utviklar seg i faget?

No sist hadde vi ei vurdering for å undersøke utviklinga av karakterdanning og generell menneskeleg utvikling. Det elevane meiner dei har utvikla mest i løpet av tida på Tryggheim, er bl.a. sjølvstende, takksemd og tru. Fantastisk! Det som det må jobbast meir med, er mellom anna lærelyst, motivasjon og sjølvregulering. Det er ikkje så fantastisk. Men dette siste ligg ikkje berre på elevane, men også på lærarar og rektor.

Meistring, vekst og læring

Motivasjon vil difor vere eit svært viktig stikkord på Tryggheim. Dette ønskjer vi å jobbe meir med. Det vil vere viktig å finne det som gir motivasjon, energi og lyst til å gå på jobb, lyst til å gå på skule og lyst til å lære.

Det finst to teoriar om forventning om meistring og eigen kapasitet. Den eine blir kalla «Fixed mindset» - statisk mentalitet. Har du ein sånn mentalitet, trur du at dine evner er uforanderlege og bestemt på førehand. Enten er du smart eller så er du ikkje smart. Du tenker då at det er lite du kan gjøre for å påverke prestasjonane dine. Har du tenkt litt sånn?

Den andre blir kalla «Growth mindset» - vekstmentalitet. Dette er ei meir positiv forståing av eigen kapasitet. Mine prestasjonar er faktisk mest avhengige av eigen innsats. Intelligens eller «smartness» er ikkje stabil. Eit kjent motto i idrettsverda: Talent er overvurdert. Ski-legenda Bjørn Dæhlie skal ha uttala: Det var 5 prosent talent og 95 prosent innsats! Men denne viktige nøkkelen har vi ikkje i tilstrekkeleg grad overført til læring. Læring har faktisk med kva eg bidreg med. Det går an å prøve på nytt. Det går an å kompensere mykje gjennom hardt arbeid. Det er professor Carol Dwecks arbeid som ligg til grunn for denne tankegangen. Elevar i vekstforståinga prøver på nytt, gir ikkje så lett opp og fortset å jobbe om stoffet synest vanskeleg. Vi som skule skal her skape trygge rom for å gjøre feil. Lærar må vidare applaudere arbeidsinn-

sats og førebuingar, og vere meir forsiktige med å fortelje kor smarte og flinke elevar er. Nei, vi skal heller seie: Du har jobba godt! I samsvar med denne tankegangen har ein vidaregåande skule i Chicago allereie endra strykkarakteren sin til «Not yet» - ikkje enno. Dweck meiner at både foreldre og lærarar gjennom sin påverknad kan bidra til at barn blir enten meir vekstorienteerte eller meir statiske.

Elev oppdaga ein hemmelegheit på Tryggheim

Ein av Tryggheim-elevane oppdaga førre skuleår ein hemmelegheit. Han erfarte sjølv det som professor Carol Dweck har forska på i årevis. I ei undersøking svara han anonymt:

I løpet av vidaregåande skule har eg lært at dersom ein verkeleg jobbar for noko, så kan ein få til det meste. Då eg byrja i Vg1 tok eg matematikk 1T. Dette var krevjande, vanskeleg og eg forstod ikkje heilt kor mykje eg måtte jobbe med faget. Eg vart fort hengjande etter ... Eg enda til slutt opp med karakteren 3, og var ikkje så veldig godt fornøgd ... Før eg skulle byrja i andre klasse, måtte eg velje fag ... Eg visste at eg måtte kunne 1T godt for å velje matematikk R1. Difor bestemte eg meg for å gi dette eit forsøk. Sommaren før andre klasse jobba eg gjennom heile 1T-pensumet. ... Eg byrja med R1. Matematikken vart berre kjekkare, og eg fekk til meir og meir. Eg bestemte meg (eit år seinare) for å ta eksamen på ny i matematikk 1T, og eg enda opp med topp-karakter. Dette gav meg ei enorm meistring ... godt å kunne bytte ut den gamle 1T-karakteren med ein som var dobbelt så høg. I byrjinga trudde eg at eg ikkje var smart og glup nok, når eg ikkje fekk det til, men det var eigentleg berre at eg ikke sjølv hadde gjort ein skikkeleg innsats. Dette har gjort at eg har byrja å takle utfordringar på ein annan måte, og sjølv om «reisa» har kostat ein del, er eg veldig glad for at eg gjorde det eg gjorde. (Takk, du som kom bort etter festen og sa det var deg.)

Fantastisk! Vi er forskjellige, men det som er viktig for alle i dette: Elevar i vekstforståinga prøver på nytt, gir ikkje så lett opp og fortset å jobbe sjølv om stoffet synest vanskeleg. Dei har erfart at innsats og jobbing ber frukter. Dei let seg ikkje freiste til å tenke: Eg kan ikkje betre...

Dette er viktig når det gjeld skule, men også vidare på livsvegen. Elevar, de står føre yrkeslivet, studiar og ikkje minst livets skule. De skal bli samfunnsbyggjarar. De skal bli foreldre. Tenk positivt! Hugs vekstmentalitet!

Eg vil minne om to bibelvers som russen minna om i fjar. Jesus sa: *Eg er ljuset for verda! Den som følger meg, skal ikkje ferdast i mørker, men ha livsens ljós, Joh. 8,12, og Søk Herren medan han er å finne, Jes. 55,6.*

Andakt



Måleri av Lucas Cranach, ven av Luther: frå altertavla i Mariakyrka i Wittenberg. Luther står med eine handa på Bibelen og peiker med den andre på den krossfeste Jesus.



Av Gunhild H. Obrestad



Lengt etter fridom. Frå luftecelle i Stasifengselet i Berlin 2017.

Sola fide!



I eit jubileumsår for reformasjonen er det naturleg å blankpusse arven vår frå Luther. Trass alt er jo Tryggheim ein del av NLMvgs-familien. Er Luther si lære aktuell for oss i dag?

For min del var det både interessant og oppbyggjeleg å verte kjend med Luther på ny under Europaturen. Me fekk gå i Luther sine spor i Erfurt og Wittenberg. Ikkje berre var Luther radikal og modig, han risikerte livet ved å stå opp mot det han meinte var vranglære i den katolske kyrkja. Han kritiserte ei kyrkje som hadde gjort frelsesspørsmålet til god butikk. Avgjerande vart nok likevel den personlege og intense kampen hans for å finne fred med Gud. Korleis finne ein nådig Gud? Dette spørsmålet har menneske kjempa med til alle tider.

Luther gjenoppdaga sjølv evangeliet. Tradisjonelt skulle ein gjere seg fortent til frelse, gjere bot, betale avlat osv. Det er vel og bra å gjere godt, men når det kjem til frelsesspørsmålet kan me ikkje bidra med noko sjølv. Ved å tru på Kristus áleine har me tilgang til heile nåden. For eit frigjerrande budskap!

Det vart viktig for Luther å gjere dette kjent for alle, difor tok han på seg det enorme arbeidet med å omsetje Bibelen til folket sitt eige språk, slik at dei sjølv kunne ta til seg av Guds eige ord.

Luther laga Lutherrosa, som speglar trua, og vart brukt mellom anna som segl på skriftene hans. Elevane på VG2-turen forma denne i leire og symbola talte sterkt til meg:

Sentrum for trua er den krossfeste Kristus, og utgangspunktet er Guds kjærleik til mennesket (krossen i eit raudt hjarte). Lilja kan symbolisere fred med Gud. Dette gir oss himmelhåp (himmelblå). Gullfargen

kan symbolisere det evige.
Me trur på ein Gud som gir frelse, fred og håp for alle som trur! Dette kan me ikkje halde for oss sjølv!

Rom 1,16-17: For eg skammar meg ikkje over evangeliet. Det er ei Guds kraft til frelse for kvar den som trur, jøde først og så grekar. For i det blir Guds rettferd openberra, av tru frå først til sist, som det står skrive: den rettferdige skal leva ved tru.

Vissste du at...

Silje Anett Vestvik (HS/PB 10-13) og **Eirik Thorsen** (EL/PB 10-13) giftet seg 10. juni
Agnes Høie Holen (ST 12-15) og **Sindre Åtland** (ST 12-15) giftet seg 1. juli

Beate Håland (ST 09-12) og Roy Waage giftet seg 1. juli

Berit Elise Østby (ST 12-15) og **Bjørnar Gilje** (EL/PB 10-13) giftet seg 1. juli

Esther Bergine Bjuland (ST 12-13) og Erlend Soteland giftet seg 1. juli

Åse Ånestad (HS/PB 13-16) og Gaute Ødemotland giftet seg 1. juli

Ane Ruud (ST 12-15) og **Øyvind Sunde** (BY 12-14) giftet seg 8. juli

Kjersti Hauge Valle (HS/PB 13-16) og **Daniel Moldskred** (ST 13-16) giftet seg 8. juli

Silje Stensland (ST 11-14 og miljøarbeider 15-16) og **Benjamin Espeland** (BY/PB 11-14) giftet seg 8. juli

Marte Hauge Auestad (ST 09-12) og **Kenneth Aarsland** (EL/PB 02-05) giftet seg 29. juli

Vidar Gjedrem (ST 11-14) og Rocio Vølstad giftet seg 29. juli

Martine Nord-Varhaug (HO 12-14) og Edvardt Løsnesløkken giftet seg 12. august

Inge Aass (EL 00-02) og Anette Larsen giftet seg 26. august

Øystein Lende (ST 08-11) og Ingvild Bjelland giftet seg 9. september

Sven Ødegård (2ST 17-18) tok bronse i lagskyting med Time skytterlag på Landsskytterstevnet i Førde i sommer.

Vi gratulerer, og ber dere fortsette å tipse oss om folk som bør være med på denne listen. Send e-post til aaanestad@tryggheim.no, SMS til 906 52 360 (Kjartan H.), eller ring eller skriv til skolen (husk årstall og gjerne klasse!).

SKULEDEBATT OG VALTORG



Ti parti stilte med representantar i skuledebatten på Tryggheim.

I valår gjer skulane ein stor innsats for å auka det samfunnsansvarlege medvitet, og setja elevane inn i det demokratiske styresettet i landet vårt. På Tryggheim vart det arrangert skuledebatt, valtorg og skuleval, og demokrati og medborgarskap har vore tema i samfunnsfag.

Tekst: Bjørg Topnes
Foto: Vegard Ask, Henrik Foss
 og Bjørg Topnes

Under skuledebatten benka ungdomsrepresentantar frå ti politiske parti seg i møtesalen og freista hausta stemmer gjennom støtte til friskular, kristendomsundervisning, helseosster og fjerning eller endring av fråværsgrensa. Tidlegare Tryggheim-elev Olaus T. Bjuland frå KrF var ein av dei mest aktive, og hausta den største applausen for innlegga sine. Applaus fekk også representanten frå Liberalistane for sine spissformuleringar. Samfunnsfaglærar Vegard Ask styrte debatten med stødig hand. Eit par frimodige elevar tok ordet då det vart opna for spørsmål frå salen, og spurte om mobbing, sharia i Noreg og frivillig arbeid. Seansen vart avslutta med valtorg der godt fem hundre elevar kunne bevega seg mellom standane i gymsalen, stilla spørsmål og få klarleik i kva dei sjølv skal stemma ved skuleval og stortingsval.



Regine Mork stempla stemmesetlar og såg til at alt gjekk rett for seg.



Møtesalen var fylt under skuledebatten.



Robert Mikalsen og Aleksander Tune besøkte på Høgres stand på valtorget.



Sondre Røykenes, Vegard Bø og Jonas Grude i 2BTb blir kryssa av i manntalet. Skjult Gabriel Sikveland og bakerst Dagny Langenes.



Lokale Olaus T. Bjuland representerte KrF.

Resultat av skulevalet på Tryggheim 5. september 2017

Talet på elevar ved skulen: 522

Deltakarprosent: 93,9 %

Godkjende stemmer: 474

Blanke stemmer: 16

KrF	60,5 %
Sp	7,6 %
FrP	7,2 %
Liberalistene	6,3 %
H	5,3 %
Ap	3,4 %
MDG	2,3 %
PDK	2,3 %
V	1,9 %
SV	1,1 %
Andre	2,1 %

- Verdisaker er viktige

Ingunn Iren Kverme og Annika Heskestad i 3PBb hørde på skuledebatten på Tryggheim, og syntest det var interessant og gildt.

- Debatten gav oss innblikk i både skulesaker og andre saker partia står for, så det er godt me får dette på Tryggheim, seier påbygg-elevane som har inntrykk av at mange ungdommar eigentleg ikkje er så veldig opptekne av politikk.

- Eg trur personane i panelet kan vera avgjande. Vi får inntrykket av partia gjennom dei, så spørsmålet er om dei får fram kva partiet eigentleg meiner, seier Annika som også har fått innblikk i politiske saker gjennom det vennene har delt på Facebook. TV-debattar ser verken ho eller Ingunn Iren på.

- Kva saker er de som ungdommar opptekne av?

- Dei store tinga er det viktigaste for meg, seier Ingunn Iren. For eksempel er eg oppteken av vigsle av homofile i kyrkja og genmanipulering.

Også Annika tek fram verdisaker som at alle har lik verdi, og skal behandlast på grunnlag av dette. Ho nemner abort og aktiv dødshjelp som sentrale saker, og er imot testing for å finna foster med Downs syndrom.

- Saker om friskular gjeld jo oss i høgaste



Annika Heskestad og Ingunn Iren Kverme.



Korinn Hauge, Emilie Vigdel og Liv Maria Aase.

Tre om debatten

Korinn Hauge, Liv Maria Aase og Emilie Vigdel i 2STb trekte ut i kantina etter skuledebatten.

- Eg har ikkje vore med på slike før, og trudde ikkje debatten skulle bli så intens og opphissa, seier Korinn, som fortel at ho trur til dømes Israel-temaet kom fram fordi debatten fann stad på ein kristen friskule.

- Blei de klokare?

- Eg blei sikrare på kva eg skal stemma, seier Liv Maria. Mange av debattantane var flinke, men det var litt rotete. Eg la merke til at dei brukte tal for å gjera dei andre partia dårligare. Dermed blei ikkje debatten kjedeleg, men for oss tilhøyrarar var det forvirrande. Emilie merka seg at mange nyttet høvet til å rakka ned på andre meir enn å snakka om eigen politikk.

- Og så seier jo alle forskjellige ting. Kven er det då som lyg? spør ho, men konkluderer med at det i alle fall er lettare å høyra på ein debatt enn å måtte lesa seg opp på alle standpunktene på eiga hand.



Daniel Mong

- Veit kva eg skal stemma

Daniel Mong i 1HO var ein av dei som stilte spørsmål til politikarane. Korleis opplevde han valdebatten på Tryggheim?

- Det var interessant å høyra kva folk kan seia når dei er under press og vert kritiserte. Det var også tydeleg kven som styrte etter manus og kven som verkeleg hadde greie på sakene. Eg spurde jo om Raudekrossen og frivillig arbeid. Då var det berre Liberalistane som svarte. Debatten stadfestar det eg har tenkt om regjeringa til no. Dei lovar, men klarer ikkje å halde løfta.

- Så skulle eg gjerne visst meir om korleis systemet fungerer. Noreg er eit godt land, og har blitt stort godt i mange år. No skulle eg hatt meir tid, gjerne ein dag eller ei veke, for å setja meg inn i valet.

- Veit du kva du skal stemma ved skulevalet?

- Ja, eg veit kva eg skal stemma. Det fekk eg lett avklart under debatten i dag.



Kveldsmat på Tryggheim også for nokre av Rogalands-politikarane.

Tre friskuleønske frå Tryggheim til KrF

Rogalandsgruppa til KrF la valturnéen sin innom Tryggheim ein onsdagskveld, og møtte elevar og tilsette til kveldsmat og informasjon. Rektor Gjermund Viste nyttar høvet til å nemna saker der friskulanane har andre vilkår enn dei offentlege.

Den første gjaldt elevteljing der Tryggheim må gjennomføra ei ekstra teljing om våren. Dette har følgjer for tilskotet skulen får. Den andre er 20-dagarsregelen som seier at skulen ikkje får tilskot for ein elev som er vekke meir enn 20 dagar. Denne regelen finst ikkje i offentlege skular.

- Viss desse reglane er gode, burde dei gjelda for både friskular og offentlege skular, meinte rektor.

I tillegg tok han opp at Tryggheim fekk avslag på søknad om tippemidlar til ballbinge. Avslaget var grunngitt med at Tryggheim er ein friskule.

- Det følgjer byråkrati med desse sakene, og det kostar pengar. Kva med verdien av skatten foreldra til våre elevar betaler? Er ikkje det å velja friskule likeverdig med andre skuleval? Og er ikkje nærmiljøet til friskulanane viktig? Spurte rektor politikarane.

Misjonsprosjektet i Elfenbenskysten




Martin Harbo og Renate Undheim på speed school i Abidjan.

Elevane på Tryggheim ungdomsskule støttar NLM sitt arbeid i Elfenbenskysten. Me er spesielt engasjerte i prosjekt med «speed schools» for barn og ungdom som manglar skulegang, og evangeliseringsarbeid mellom muslimske folkegrupper nord i landet.

■ Tekst og foto: Håkon Haugland

Målet med prosjektet er naturleg nok å samla inn pengar til misjonsarbeidet i Elfenbenskysten. Vel så viktig som pengane som kjem inn her og nå, er det å la elevane oppleve glede ved å hjelpe, sjå at det er viktig å hjelpe og læra om kvifor me driv misjon. Slik håper me at dei kan ta med seg både sosialt engasjement og misjonsglød vidare i livet.

Rett før haustferien var to elevar og ein lærar i Elfenbenskysten for å sjå på dei ulike prosjekta elevane støttar. Du kan lesa meir om opplevelingane derfrå i neste nummer av Tryggheimhelsing. Då får du også lesa om ulike aktivitetar som arbeidsdag, strandrydding, skogsarbeid og misjonsfest som elevane har vore med på for å samla inn pengar til misjonsprosjektet.



Leiarhjørnet

Tryggheim vart i si tid grunnlagt med eit dobbelt føremål. Skulen skal både gjera Kristus kjent for elevane, og gje ei oppdragande undervisning ut frå eit kristent menneskesyn og ei kristen verkelegheitsoppfatning. Det er ei fantastisk oppgåve, men òg eit stort ansvar me har fått. NLM, som er eigar av Tryggheim skular, har eit verdidokument der det står:

«I forståing med foreldra og i respekt for elevane vil skulen formidla kunnskap, inspirera til læring og utvikling av heile mennesket for

å utrusta elevane til eit godt og ansvarleg liv i heimen, samfunn og kyrkjelyd.» Me på Tryggheim har eit sterkt ønskje om at de som elevar og som foreldre opplever at det blir fortalt om Jesus som verdas Frelsar. At personalet er med på å visa elevane og kvarandre kven Jesus er og kva han har gjort (Joh. 3,16). Samfunnsansvaret som alle skular har, gjeld i høgaste grad på friskulane òg. Organisasjonen Menneskeverd var nett-opp på besøk på Tryggheim. Det var sterkt å høyra på historia om Marte Wexels Goksøy som frykta at samfunnet ikkje skulle ha plass til slike som henne. Marte sa om seg sjølv på videoen som vart synt: «Eg er

ei kvinne med Downs syndrom. Eg er ikkje sjuk. Eg har ikkje ein kromosomfeil. Eg har eit ekstra kromosom i mine celler. Eg er ikkje diagnosen Downs syndrom. Eg er Marte. Heilt unik. Som alle menneske.» Denne visdomen som Marte uttalar, er noko me vil løfta opp på Tryggheim.



Tron-Arild Grødem



Ta godt i mot: f.v. Erik Aarmo, Elin Austbø Simonsen, Brian Taksdal Engen, Marte Kristine Sirevåg og Tom Kenneth Naglestad.

Nye tilsette ved Tryggheim ungdomsskule

Elin Austbø Simonsen

Alder: 32

Frå Brusand, og bur på Brusand.

Arbeidsoppgåver: Underviser i kunst og handverk, mat og helse, og har ein del timer med tilpassa opplæring.

Fritid: Er med familie og venner.

Kvífor ønskte du å arbeida på Tryggheim: Fordi skulen har eit tydeleg verdigrunnlag, og gir rom for den einskilde eleven.

Din beste lærar: Eg minnest mange gode lærarar. Dei samla klassen, inspirerte oss fagleg og var interesserte i elevane.

Marte Kristine Sirevåg

Alder: 24

Frå Drammen, bur nå på Nærbø.

Arbeidsoppgåver: Lærar i matematikk, samfunnsfag og KRLE.

Fritid: Er med familien, maler, fotograferer og ser film.

Kvífor ønskte du å arbeida på Tryggheim: Fordi eg ønskte å jobba på ein skule der eg kunne fortelja om Jesus.

Din beste lærar: Den beste læraren eg har hatt, hadde eg første året på vidaregåande. Ho var engasjert i faget sitt og ho såg meg for den eg var.

Tom Kenneth Naglestad

Alder: 47

Frå Konsmo i Vest-Agder, bur nå på Vigrestad

Arbeidsoppgåver: Underviser i kroppsøving, samfunnsfag, KRLE og matematikk i 8. klasse.

Fritid: Trening og friluftsliv.

Kvífor ønskte du å arbeida på Tryggheim: Fordi skulen har eit veldig godt rykte og eg hadde lyst å arbeida på ein kristen skule.

Din beste lærar: Han heitte Reidar. Han var veldig opptatt av å sjå elevane, samtidig som han var god på å setja tydelege grenser.

Erik Aarmo

Alder: 32

Frå Sarpsborg, men bur i Sandnes.

Arbeidsoppgåver: Lærar i norsk, samfunnsfag og KRLE.

Fritid: Fotball, Jesus, kona mi og barna mine

(ikkje i prioritert rekjkjefølgje...).

Kvífor ønskte du å arbeida på Tryggheim: Eg har tidlegare arbeidd ved Kristelig Gymnasium i Oslo og ønskte å halda fram i friskulen etter flytting vestover. Friskulen gir rom for heile mennesket i undervisninga!

Din beste lærar: Eg hadde ein fransklaerer som såg meg som den eg var (trass i at eg var mildt sagt svak i faget, men det er ei anna historie). Vi hadde mange gode samtalar og han gav meg trua på eigne evner.

Brian Taksdal Engen

Alder: 23

Frå Orstad, bur på Kvernaland.

Arbeidsoppgåver: Lærar, mest med oppfølging av elevar i mindre grupper.

Fritid: Er bryllupsfotograf og speler fotball.

Kvífor ønskte du å arbeida på Tryggheim: Eg hadde min første praksis her, og det gav meirsmak.

Din beste lærar: Det må bli praksislærarar på Tryggheim ungdomsskule og på den norske skulen i Kenya.

Elevtal til nye høgder



Frå venstre: Regine Mork, Elisabeth Vik, Ina Oline Halleland, Maria Henriksen, Susanne Henriksen og Benedikte Pedersen.

Aktivitetsnivået var høgt då rekordmange elevar inntok Tryggheim vgs ved skulestart.

Tekst: Henrik Foss
Foto: Tårn Helge Helgøy

Totalt 521 elevar byrja på Tryggheim vgs i haust. Årsaka til at elevtalet er høgare enn noko gong, er at skulen fekk endå fleire elevar på studiespesialisering. I haust byrja nemleg det andre c-klasse-kullet.

I løpet av dei to første skulevekene arrangerte fritidsteamet ved leiar Tårn Helge Helgøy i spissen ei rekke aktivitetar på kveldstid. Å klatre høgast på tomme bruskassar var ein av dei tradisjonsrike programpostane ved årets skulestart. Elles var elevane mellom anna på bowling, strandtur på Brusand og fjeltur til Prekestolen. Ifølgje fritidsleiaren har oppmøtet vore godt på dei ulike arrangementa.

I tillegg til sosiale aktivitetar på kveldstid var alle Vg1-klassane på kroppsøvings-tur i jærnaturen. Elevane reiste saman med kroppsøvings- og kontaktlærarar, og dei aller fleste klassane gjekk turen frå Holmavatn til Steinkjerringa, der dei vandra i ope lyngheilandskap.



Elevane bowla på Bryne i byrjinga av skuleåret.



Frå venstre: Ingvild Flesjå, Maria Laugaland, Vigdis Øyen, Helene Steen, Marie Pettersen, Stine Brufldot, Johan Jacobsen og Henrik Åreskjold.



Leik og moro på strandtur på Brusand.



VG1-eleven Jonas Vik frå Fitjar tek imot den 22. bruskassen. Bruskasseklatring stod på programmet ved årets skulestart.

Nye tilsette ved Tryggheim vidaregåande skule



Bente Sørensen

Alder: 31 år.
Er frå Balsfjord i Troms, og bur no på Nærbø.
Tittel på Tryggheim: Lærar.
Arbeidsoppgåver: Underviser i norsk, samfunnsfag og geografi.
Favorittmat: Nysteikt brød.
Interesser: Friluftsliv, fysisk aktivitet, lesa bøker og vere saman med vener og familie.
Opptatt av og brenn for: Menneskeverd, landbruk, distriktpolitikk og at elevane her skal verta endå betre kjent med Jesus.



Silje Koland Hageland

Alder: 20 år.
Kjem frå Øvrebo i Vennesla, og bur no rett nedanfor Tryggheim på Nærbø.
Tittel på Tryggheim: Miljørbeidar.
Arbeidsoppgåver: Arrangera aktivitar for elevane etter skuletid.
Favorittmat: Pasta med pesto.
Interesser: Gå tur i fjellet og vera saman med vener.
Opptatt av og brenn for: At elevane på Tryggheim skal få eit solid grunnlag i trua si slik at dei kan vera vitne for Jesus når dei er ferdige på skulen.



Edoshe Oljira Taa

Alder: 36 år.
Kjem frå Etiopia, men er no busett på Nærbø.
Tittel på Tryggheim: Kjøkkenassistent.
Arbeidsoppgåver: Laga mat, rydding, oppvask og noko reinhald.
Favorittmat: Etiopisk injera dorowat – ei type lefse med kyllingsaus. Av norsk mat er favoritten pinnekjøt.
Interesser: Strikka, gå på tur, vera saman med kyrkjelyden, fylgja sonen på handball- og fotballkamper og dugnad på skulen og i idrettslaget.
Opptatt av og brenn for: Glad i å hjelpe folk som treng hjelpe. Kjekt å verta kjend med, og arbeida i lag med, nye, forskjellige folk og ta med seg ny lærdom.



Håkon Vatnar Olsen

Alder: 20 år.
Kjem frå Solør i Hedmark, og bur no på Nærbø.
Tittel på Tryggheim: Miljørbeidar.
Arbeidsoppgåver: Arrangera fritidsaktivitetar og skapa god stemning med og for elevane.
Favorittmat: Kveite.
Interesser: Friluftsliv.
Opptatt av og brenn for: Å formidla Guds kjærleik til andre.



Glenn Grønning

Alder: 20 år.
Fødd og oppvaksen på Vikeså i Bjerkr-eim, men bur no på Nærbø.
Tittel på Tryggheim: Miljørbeidar.
Arbeidsoppgåver: Laga 'events', spela og snakka med elevane.
Favorittmat: Pizza til Liverpool-kam-pen.
Interesser: Idrett.
Opptatt av og brenn for: Jesus og idrett – noko eg vonar kan smitta over på elevane.



Bjørghild Serina Bjuland

Alder: 25 år.
Er frå Nærbø, og bur her også no.
Tittel på Tryggheim: Lærar.
Arbeidsoppgåver: Underviser i norsk og samfunnsfag.
Favorittmat: Indisk er digg, pizza alltid snadder – glad i god mat.
Interesser: Kaffikoppen. Glad i kvar-dagen og det som fylgjer med den av 'happeningar', drøs, brettspel og meir til.
Opptatt av og brenn for: Den gode kvardagen. Ynskjer at «Tryggheim-livet» på skulen og i internatet skal gje fine og herlege opplevingar som saman skaper gode minner.



Kristin Samdal

Alder: 44 år.
Kjem opphavleg frå Stavanger og Karmøy, og bur i Stavanger.
Tittel på Tryggheim: Lærar.
Arbeidsoppgåver: Underviser i norsk og spansk.
Favorittmat: All middagsmat.
Interesser: Reising, lesing, løping og fotball.
Opptatt av og brenn for: Forfylgte kristne, og at våre kristne ungdommar skal kjenna på ansvar for, og verta inspirerte av, våre forfylgte sysken.

Israeltur VG2 – ny rekord

Årets VG2-tur til Israel var spesiell på to måter: For det første har aldri så mange vært med på denne turen før – 120 elever og seks lærere fylte nesten tre turistbusser, en økning med akkurat 50% fra i fjor. For det andre prøvde vi et helt nytt opplegg i Betlehem der vi bl.a. fikk møte palestinsk ungdom og være med på frisbee-turnering med dem. Vi var ganske spente på forhånd, men begge deler gikk over all forventning!

Tekst og foto: Anne-Berit G. Aanestad

Så frem til nye vennskap og gamle ruiner

Odd-Kristian Nybø og Martin Knutshaug har gleddet seg lenge til VG2-turen.

- Jeg gleddet meg mest til å komme til Jerusalem, og spesielt til å se Gordons Golgata som jeg har hørt en del om, sier Martin. Så forventet jeg å se mange gamle ruiner, f.eks. i Jeriko. - Jeg gleddet meg til å lære mer om stedene i Bibelen, bli bedre kjent med de andre på turen og så ville jeg gjerne bli kjent med noen palestinere, sier Odd-Kristian om det han så mest frem til på forhånd.

Møte med palestinsk ungdom

Dagen i Betlehem ble helt spesiell. Vi startet med en god lunsj i en «telt-restaurant» der vi fikk servert et måltid som for mange ble reisens kulinariske høydepunkt. Etterpå tok vi en tur langs muren som Israel begynte å bygge i 2003 for å holde terrorister borte, men som også gjør livet til palestinene vanskeligere. På en bibelskole fikk vi innføring i et viktig forsoningsarbeid som handler om å skape fred og forsoning mellom palestinere, jøder og muslimer. En palestinsk student fortalte hvordan hans fordommer og fiendtlige holdning til jødene langsomt forsvant gjennom forsoningsprogrammet han noe motvillig hadde blitt med på. Han hadde deltatt på leirer og samlinger der han etter hvert fikk gode jødiske venner. Han holder kontakten



En flott dag i Betlehem ble avsluttet med frisbeeturnering. Tryggheimelevene var overlegne i antall, mens de palestinske ungdommene var langt overlegne i ferdigheter på banen...

bl.a. med jødiske venner i Jerusalem, og drar på besøk til dem - selv om han som palestiner må ha visum for å reise fra Betlehem til andre steder i Israel.

Det store høydepunktet var likevel Frisbee-turneringen. En kristen palestinsk ungdomsarbeider har satt i gang og trener et idrettslag med både kristne og muslimske palestinske ungdommer. De kommer sammen for å spille frisbee, og denne ettermiddagen fikk vi være med! Etter en kjapp innføring i reglene, dannet ungdommene lag slik at det var både palestinere og Tryggheimelever på hvert lag. Så var det oppvarming og trenings, og til sist turneringer! Det var smil og latter og mye moro fra begynnelsen til slutt, og etterpå delte vi ut frisbee'er med Tryggheim-logo på til de palestinske spillerne.

Forventningene ble innfridd

Etter ni dager på tur med fullpakket program var det på tide å vende nesen hjemover igjen. På Ben Gurion-flyplassen i Tel Aviv fikk Odd-Kristian og Martin spørsmål om turen hadde stått til forventningene. Det hadde den!

- Vi fikk være med på mye mer enn forventet! sier Martin, som skjønte etter hvert at det ikke var så mange ruiner i Israel som han hadde trodd på forhånd – selv ikke i Jeriko. - Jeg ble veldig imponert over Jerusalem: det var flott å se byen i virkeligheten og Gordons



Kamelridning er alltid et høydepunkt (og ja, det er nok egentlig dromedarer).

Golgata var virkelig fin.

Odd Kristian er også enig i at de fikk med seg mye mer enn han hadde trodd på forhånd.

- Jeg fikk mange nye venner akkurat slik jeg hadde håpet, og så ble jeg kjent med noen palestinere! Spesielt er det tre gutter på vår alder som jeg nok kommer til å holde kontakten med, sier han fornøyd.

På spørsmål om de kan trekke frem noen høydepunkter, sier begge at ett av dem var å få på dromedarer i beduinleiren.

Martin trekker også frem at bading i både Genesaretsjøen og Dødehavet var veldig kult. For Odd-Kristian, som hadde gleddet seg til å lære mer om steder i Bibelen, var det spesielt flott å være i Nasaret, seile på Genesaretsjøen, og ikke minst å se huset til Simon garveren i Jaffa.



Kristian Bjørloev, Ida Marie Mydland, Odd Kristian Nybø og Martin Knutshaug var alle godt fornøye med turen til Israel.

Elevrådet 2017-18

Byggeteknikk-eleven Gabriel Sikveland (17) fra Nærøbø er vald som elevrådsleiar ved Tryggheim vgs. skuleåret 2017-18. Han har gått i Tryggheim barnehage, på Tryggheim ungdomsskule og byrja på vidaregåande i fjor.

- Dette er det åttande året mitt på Tryggheim, seier Sikveland, som i tillegg til å vere elevrådsleiar også skal møte som elevrepresentant i skulestyret.



Dei andre elevrådsrepresentantane på vidaregåande er Henrik Åreskjold (nestleiar), Ingrid Tveita (sekretær), Sivert Bjuland, Adrian Frafjord, Egil Varhaug og Jonas Vik.

Europatur VG2 - jubileumsåret 2017



Kreativ verkstad i Wittenberg der elevane fekk skriva på middelaldervis med fjør og blekk og laga si eiga Luther-rose i leire. F.v. Karoline Krogh, Eili Yedid, Ingvild Flesjå og Olav Halsne.

Tekst og foto: Gunhild H. Obrestad

Samhald og sterke inntrykk

- Noko av det gildaste er samhaldet me har på ein slik tur, seier Tøri Ådneram.

- Me kjem nærrare dei me har kjent lenge, og me får og nye venner på tvers av ulike studieprogram.

Ho er ein av elevane frå Vg2 som har vore på Europatur heile elleve dagar i haustr. Me har opplevd byar som Krakow, Dresden, Berlin og Praha. I år vart turen utvida med ein ekstra dag for å markera at det er 500 år sidan reformasjonen fann stad i Wittenberg.

Munken som endra Europa

Korleis greidde Martin Luther å omsetje heile NT til tysk på 11 veker på middelaldervis? Elevar og lærarar fekk prøve seg med fjør og blekk i kreativ verkstad og forma Luther-rosa i leire. Me fekk besøkje Luther og kona Katarina av Bora sitt hus, og omvising i Slottskyrkja der han slo opp dei berømte tesene på kyrkjedøra. Luther slo fast at me ikkje kan kjøpe oss til frelse. Trua åleine, nåden åleine, skrifta åleine og Kristus åleine er sentrale element i vår lutherske tru.

Sterkt inntrykk gjorde besøket i leirane Sachsenhausen, Auschwitz, Birkenau og Ravensbrück.

- Det er vanskeleg å ta inn over seg dei enorme tala på drepne, seier Tøri.
- På Tryggheim er me ca. 500 elevar som samlast i møtesalen, det er

Utsnitt av kunstverk i bronse av alle dei 82 barna som vart bortførde og drepne i den tsjekiske landsbyen Lidice.



mange enkeltmenneske. I Lidice, ein tsjekkisk landsby som vart jevna med jorda, fekk tala eit ansikt. Her vart 82 barn bortførte. Kvinnene vart sende til kvinneleiren Ravensbrück med håp om å sjå sine att ein dag, utan å vite at mennene deira vart skotne og barna drepne.

Don't be quiet!

- Me må læra av historia og reagere, slik at dette aldri må skje igjen! oppmodar Tøri. Den eine guiden i Auschwitz kom med ein klar appell til elevane: don't be quiet!

Besøket på 22. julisenteret i Oslo minna oss og om at enkeltpersonar sitt forskrudde syn på mennesket kan få fatale utslag og i dag. Difor er det så viktig at me seier ifrå og vernar om menneskeverdett og demokratiet. Propaganda og totalitære regime fekk me høre meir om i Stasifengselet i Berlin. Fleire av guidane der har sjølv sete i fengselet og kan fortelje om psykisk tortur og timelange utmattande forhør berre på grunn av at dei t.d. hadde uttalt seg kritisk om kommunistpartiet, eller hadde prøvd å flykta frå aust til vest i Berlin.

- Det gjorde inntrykk å sjå kloremerke på veggene i gummicella, der fangar vart isolert i totalt mørker. Korleis kunne dette skje så seint som på slutten av 1980-talet midt i Berlin? spør Tøri. Var det verkeleg slik at folk ikkje visste?

Orda frå Edmund Burke er til ettertanke: All that is necessary for the triumph of evil is that good men do nothing. (Alt som skal til for at vondskapen skal triumfera er at gode menneske ikkje gjer noko).

Kva hadde me gjort?

Eit høgdepunkt var siste kveld i Berlin, der me hadde ei samling i Sjømannskyrkja med song og refleksjonar. Ola Kalheim delte tankar kring Martin Kolbe sitt sterke vitnesbyrd om kjærelig midt i vondskapen i Auschwitz. Kolbe ga sitt liv for ein medfange og heldt motet oppet hjå medfangane ved å syngja lovesongar like inn i døden.

- Kva ville me ha gjort? Hadde me greidd å rekne med Gud oppi dette?



Tøri Ådneram.

Tøri kom med ein appell om å «gjera det gode og ikkje trøytna» som det står i Gal 6,9. Når tida kjem, skal vi hausta, berre vi ikkje gjev opp.

Ho las og eit vers som menneske til alle tider gjennom historia kan finne håp og trøyst i. For kva skulle dei be om? Kor var Gud midt i vondskapen? «Herren sjølv skal gå føre deg. Han skal vera med deg. Han skal ikkje sleppa deg og ikkje gå frå deg. Ver ikkje redd og miss ikkje motet!» (5. Mos. 31,8). Dette kan vere vårt livsmotto og i dag, avslutta Tøri.

Tryggheimkalender

OKTOBER

Ons. 25.- lør. 28. VG3-tur til Oslo

NOVEMBER

Ons. 1.-fre. 3. NLM-vgs-møte på Lundeneset for personalet
Tors. 2. Operasjon misjonsprosjekt
Lør. 18. Temadag for elever og foreldre, russebasar
Ons. 29. Åpen dag

DESEMBER

Ons. 20. Julefest
Tors. 21. Siste skoledag før jul (halv dag)

TRYGGHEIMHELSING

Redaksjonskomité:
Kjartan Håland (redaktør)
Anne-Berit Gomo Aanestad (redaktør)
Henrik Foss
Knut Handeland
Bjørg Topnes
Håkon Haugland (ungdomsskolen)

Kasserer: Elisabeth Krogdal

e-post Tryggheim skular: post@tryggheim.no

Bladet koster kr 100,- pr år.
Kontonr.: 3000.23.29626

Trykk: Lura trykkeri AS
Layout: Tubb (Oddbjørn Myklebust)

#hesjetaggSlåtten2017

Tekst: Knut Handeland
Foto: Kari Handeland,
Anne Kristin Tengesdal, Knut Handeland

Kva er vel vakrare enn graset som bølgar seg i vinden? Vel, det er sikkert ikkje vanskeleg å koma på litt av kvart som kan konkurrera. Ei hesje? Plenklypping er i alle fall ikkje sommarenes vakraste eventyr, men den durande lyden av bensindrevne hjulvispar med ein solbrent kulemage på slep er snart ein saga blott. Latskapen skaffar seg nemleg robotklyppar, desse blinde, lydlause brunsneglefiletørane som på underleg vis klypper etter algoritmar uavhengig av behovet. Det er ein dyr latskap. For retteleg å bevisa at det går an å vera lat lenge heilt gratis, gjennomførte me denne sommaren ein interkommunal protestaksjon mot blind digitalisering av dei tusen plenar. Aksjonen gjekk kort og godt ut på å la graset veksa til det begynte å legga seg, rundt 70-80 cm høgt, for så å kalla inn til slåttekveld med ljå-slått og hesjing på gamlemåten. Før me tryllar oss djupare inn øko-visuelle hildringar, må eg ila til å avskjera ei snikande populistisk kortslutning: Dette var ikkje ein umoden protestaksjon mot det tekniske framskrittet, eller mot alminneleg latskap, men ei vel overvegd, tidkrevjande kulturhending, og som all stor kunst vanskeleg å forklara fullt ut. Det blir

liksom lag på lag når livet og kunsten smelter saman. Motivkrinsen var i alle fall trifaldig, protestmotivet var det eine, eit anna var å prova ei lyrisk sannkjennung av ei hypotese frå diktet Ljåen av Olav H. Hauge. I siste strofa kjem han nemleg med denne kraftfulle påstanden:

Det gjer ikkje vondt heller,
segjer graset,
å falla for ljå.

Undrande fekk me stadfest påstanden; det kom ikkje inn meldingar om smerte anna enn frå dei som svinga ljåane, graset ytte motstand så den mest beinskjore og borebillbefengte langorven til gamle-inspektør Håland knakk to gonger, men graset klaga ikkje. Den tredje motivkrinsen er knytt til gleda ved ein gløtt inn i ei forgangen tid, gjenoppiving av bygdekjensla og den heimlege klyngetunmentaliteten, dugnadsånda, samkjensla, handlag, handverk og heilskap i hug og hått, måltidfellesskap kring rømmegrauten, og kan hende få eit glimt av bygdedyret ved solegra. Som med all nostalgi spring gleda i tospenn med letta over alt det tunge som ein ikkje lenger må, men som ein kan oppsøke som ein fritt vald fritidsaktivitet, ein valfridom farne tider ikkje åtte.

Sommaren var som kjent fuktig som ein lommeklut under krimsjuka, og med fare for at den vondhuga graskrampa skulle trysje graset kunne me ikkje drøle lenge når me såg at fallesjuka hadde sett inn. Laurdag 24. juni kalla me inn 15-20 av «egnens bedste kvinder og mænd» og gjekk til åtak i ein ustruktuert kringleformasjon. Etter fleire timer med opphaldsver gjekk det greitt «å koma ute på» som det heiter. Det var imponerande å sjå kor godt muskelminnet fungerte hjå dei få som er fødde med ljå i handa.

Hesjestaur og -tråd var innleidd frå Indre Agder Hesjestauraigarlag (derav interkommunalt), men det viste seg raskt at graset hadde øksla seg langt forbi ein fämen staurkalkyle. Foll etter foll fall for ljå med ans og kurr i verdig attkeik og spotta fjottute anslag om nokre få vondul. Den neste månaden var normalt regnver einaste variasjonen mellom styrtbøyene. Tørking med handkle vart vurdert, men avslått grunna høy fare. Grasat høy. Nærare august likna hesja eit glissett tørkestativ for pensjonert hentehår frå amerikanske presidentar, kjenneteikna av manglande spenst og friskleik i fargeleiken.



So vert det mat i år og.



Heile folket i arbeid.



Slåttekarar ventar på neste trådspenn.

Eg er usikker på normallengda til ei standard plenhesje, men denne vart 9-10 meter, og tørrvekta på det som kunne brukast vart truleg eit par hundre kilo. Eg kan hugsa feil, men eg meiner bestemt at eit par av staura hadde stått så lenge at dei hadde slått rot og bar eple i september. Høyet som overlevde nedbøren vart gitt til ein lokal sauebonde, men ulldottane hadde visst berre stirra hänleg og uforståande på slikt gammeldags for. Kravmentalitet i "Kaffe-latte" generasjonen skaper problem der og. Heldigvis vekte høyet gamle minne i ein eldre gamp på grannegarden, som tog det ettertenksam i seg. Det vert neppe hesjing neste sommar, det kan bli for mykje høy på seg sjølv. Korn derimot, det verkar interessant. Takk til gode naboar og kollegaer som gjorde slåttekvelden til ein festleg dag!